Spørsmål og svar om Auschwitz og Holocaust

«Enhver historiker som er villig til å ta det samlede kildematerialet i betraktning, til å vurdere de sporene etter massemordet som både gjerningsmenn og ofre etterlot seg, vil det være åpenbart at tyskerne drev med massemord.»

Kva slags tysk kjeldemateriale frå krigen er det som seier noko om gassing av jødar? Tyskland var eit byråkrati der ordrar kom frå toppen og vart sende tenesteveg nedover i byråkratiet. Så dersom det fanst ein slik ordre ville den truleg ha blitt funnen.

«Det er forøvrig misvisende å tale om "revisjonister" og "ortodokse". Forskjellen er snarere å betrakte som en mellom en sjarlatan og en vitenskapsmann.»

Skilnaden mellom ein sjarlatan og ein vitskapsmann er den same som mellom ein som er ukritisk med omsyn til kjeldebruk og ein som har god kjeldekritikk. Dersom ein har eit augevitne som t.d.hevdar at 150.000 jødar vart gassa i Auschwitz, medan offisielle tal no seier at berre litt over 75.000 franske jødar vart deportert, at Krema II og III hadde ni omnar med fire opningar, medan det rette var fem omnar med tre opningar, at det i staden for skinner mellom «gasskammeret» (som tyskarane kalla likkjellar) var ei heis sidan dei låg i ulike etasjar, at det var 9,5 menneske per kvadratmeter under gassinga, noko som ville vere vanskeleg utan at offera var samarbeidsvillege, at avrettinga tok tre minutt medan det kan ta nesten 20 minutt å avrette menneske i gasskammer i USA, og at Himmler var til stades i leiren og var vitne til gassing av 3.000 jødar i januar 1943 (som no stod 13 per kvadratmeter) på trass av at tenestekalenderen til Himmler syner at Himmler ikkje var i leiren etter juli 1942, har dette vitnet truverd eller har det ikkje truverd? Kva er god kjeldekritikk i eit slikt døme?

«Holocaust handler ikke om religion, men om hvilke spor av fortiden som finnes og ikke finnes, og om hva vi kan slutte ut fra dem.»

Holocaustforskinga er om lag så langt unna vitskap i historiefaget som ein kan kome, nettopp på grunn av dei kvasireligiøse dogma og gruppetenkinga ein finn rundt den. Sjølv håplause vitneforklaringar som den ein ser over, framsett av Rudolf Vrba, vert ikkje avfeia som feilaktige på trass av deira mange feil, og på trass av at eit slikt vitne truleg ville ha vorte vurdert som ubrukeleg i andre samanhengar av dei same forskarane.

«Rudolf Höss hevdet under avhør i Nürnberg at 2.5 millioner ble drept i Auschwitz. I sine memoarer, forfattet i fengsel i mars 1946, justerte han dette tallet ned, og beregnet at ca. 1.130.000 mennesker ble myrdet i leiren.»

Höss vart torturert i fengsel, og trua med å få heile familien overlevert til russarane. No er ikkje dette i seg sjølv prov på at påstandane hans var falske, men i byrjinga hevda han at tre millionar hadde vorte drepne under hans kommando fram til 1943. Dette var tydelegvis ei tilpassing av det russiske talet på fire millionar som truleg er tatt rett ut av lufta, og det er fint at heller ikkje ei slik sjonglering med tal får deg til å miste trua på Höss son vitne. For å gjere talet på tre millionar realistisk bles han opp talet på jødar i Europa kraftig. Dessutan nemnde han leirane Belzec, Treblinka og Wolzec som ytterlegare «dødsleirar», sjølv det ikkje fanst nokon leir i Wolzec. Han hevda dessutan at desse tre leirane var operative i juni 1941, medan Belzec vart operativ i mars 1942 og Treblinka i juli 1942. Han hevda dessutan å ha motteke ordre om å drepe jødar i juni 1941

og byrja gassing med det same. Dette er langt tidlegare enn dei ortodokse meinar ei slik ordre kom. Höss vidarefortalde eventyret om at dei samla opp kroppsfeitt og tømde det over flammane, eksperimentering med dynamitt for å bli kvitt lika, og at kremasjonsgjengen hans var immune mot giftgass.

«Kva slags tysk kjeldemateriale frå krigen er det som seier noko om gassing av jødar? Tyskland var eit byråkrati der ordrar kom frå toppen og vart sende tenesteveg nedover i byråkratiet. Så dersom det fanst ein slik ordre ville den truleg ha blitt funnen.»

«Eksempelvis har tysk leirpersonell etterlatt seg vitnemål. Det gjelder blant andre legen Johann P. Kremer, som noterte i sin dagbok den 2. september 1942:

Zum 1. Male draussen um 3 Uhr früh bei einer Sonderaktion zugegen. Im Vergleich hierzu erscheint mir das Dante'sche Inferno fast wie eine Komödie. Umsonst wird Auschwitz nicht das Lager der Vernichtung genannt!

"Auschwitz blir ikke kalt utryddelsesleiren for ingenting!", altså.

Noen dager senere skriblet han ned i den samme dagboken at han hadde bevitnet nok en "Sonderaktion", "das Schrecklichste der Schrecken", og at hans kollega Thilo "hat Recht, wenn er mir heute sagte, wir befänden uns hier am anus mundi." [hadde rett da han i dag sa til meg at vi her befinner oss i anus mundi (altså "verdens rasshøl", for å si det rett ut).]»

Eg etterlyste tysk kjeldemateriale frå krigen som sa noko om gassing av jødar, og du gir meg noko heilt anna. Vi er no i 1942 midt under ein tyfus- og malariaepidemi i Auschwitz der folk døydde i hopetal med diaré – noko som kanskje óg var grunnen til at han kalla Auschwitz for anus mundi..?

Kva Kremer meinte med termen «sonderaktion» er tydeleg frå hans eige notat frå 5. september der han skriv om ein «sonderaktion» frå Holland. Den 12. oktober skriv han fortvila på nytt at det på trass av sjukdomen i leiren kom ein «sonderaktion» frå Holland med 1.600 menneske. Kremer skriv truleg om at han gjekk ut og var vitne til menneske som kom av toga til Auschwitz sjuke og i svært dårleg forfatning. Sonderaktion kan difor ikkje vere ei eufemisme for gassing.

Kremer nemner ordet gassing berre ein gong, og då i samband med avlusing av bygningar.

«En annen type kilde er de såkalte *Sonderkommandos*, innsatte i leiren som ble satt til å gjøre det mest grusomme arbeidet tenkelig -- å drive "sjauearbeid" med likene i gasskammeret. Noen av disse overlevede krigen, og brakte således med seg inn i ettertiden sine egne minner om hva som foregikk i Birkenau.»

Dersom det er Filip Müller du siktar til skreiv han romanen sin meir enn 30 år etter. Boka er tydeleg forureina av andre biografiar og vitnemål og er krydra med fargerike historier av denne sorten, som truleg gir eit betre innblikk i forfattaren si mentale helse enn i historiske hendingar:

«Suddenly a few girls, naked and in the full bloom of youth, came up to me. They stood in front of me without a word, gazing at me deep in thought and

shaking their heads uncomprehendingly. At last one of them plucked up

courage and spoke to me: ‘We understand that you have chosen to die with

us of your own free will, and we have come to tell you that we think your de-

cision pointless: for it helps no one.’ She went on: ‘We must die, but you still

have a chance to save your life. You have to return to the camp and tell eve-

rybody about our last hours,’ […]. Before I could make an answer to her

spirited speech, the girls took hold of me and dragged me protesting to the

door of the gas chamber. There they gave me a last push which made me

land bang in the middle of the group of SS men."

Filip Müller, Eyewitness Auschwitz. Three Years in the Gas Chambers, Stein and Day, New York 1979, s. 113f.

«Gjerningsmennene gjorde seg den ytterste flid med å tilintetgjøre inkriminerende dokumentasjon. Hele arkiv ble brent da det viste seg at Tyskland ville tape krigen.»

Så påstanden ein ofte høyrer som at tyskarane nitidig dokumenterte sine brotsverk og at det finst massevis av dokumentasjon på at tyskarane planla å drepe alle jødane er feilaktig? Så revisjonistane har med andre ord rett i dette?

At lite arkivmateriale fall i allierte hender er ikkje korrekt. Dei allierte fann 100 -hundre - tonn politiske og militære dokument i Nord-Tyskland åleine, og ikkje eit einaste av desse seier eit ord om gassing av jødar.

Harzstein,
Robert Edwin. Waldheim: The Missing Years. New York: Arbor
House/William Morrow, 1988. s. 227

«I denne sammenheng var selvfølgelig dokumenter som refererte til massemord de første man kvittet seg med.»

For noko rot. Dersom historiefaget skal basere seg på augevitne som attfortel historier og rykte dei har høyrt frå andre, og i tillegg på dokument som ikkje eksisterer, inneber det at ein forkastar historiefaget som vitskap og går over i skjønnlitterær sjanger (som synt over).

«For det andre var ikke nazistaten slik at utviklingen "på bakken" nødvendigvis fulgte ordrer fra høyeste hold. Utviklingen av "Den endelige løsningen" var ikke noen ovenfra-og-ned-prosess. Ian Kershaws velkjente tese om "working towards the Führer" har stor forklaringskraft her. Veldig kort oppsummert er det tale om at forskjellige instanser nedover i makthierarkiet på et vis kappet om å tilfredsstille det de oppfattet som "Førerviljen", og tilbød forskjellige, og etterhvert som krigen skred fremover, stadig mer radikale løsninger på "jødespørsmålet". Hitler hadde liksom satt "den endelige løsningen på jødespørsmålet" ut til konkurranse.»

Nazistaten var eit topptungt byråkrati. Det betydde ikkje at Hitler tok alle avgjerder. Hitler hadde ei kjerne av meir eller mindre lojale toppleiarar rundt seg med vide fullmakter innan deira område. Det er absurd å førestille seg noko anna enn at eit planlagt massemord på mange millionar menneske kan ha kome frå nokon annan stad enn høgt oppe i makthierarkiet og med Hitler sin vitande og vilje. Og dette kan ikkje ha hend utan ei skriftleg ordre som vart send nedover i hierarkiet tenesteveg. Det var ganske enkelt slik det tyske byråkratiet fungerte. Ian Kershaws tese byggjer med andre ord på ein fantasifull tanke om telepati frå Hitler og til dei lågaste byråkratiske nivåa, som det ikkje finst noko prov for i det heile.

«Russernes tall på døde var ikke tatt ut av lufta, men basert på den ufullstendige informasjonen som var tilgjengelig i den kaotiske perioden.»

Så når t.d.den russisk-jødiske sjefspropagandisten Ilya Ehrenburg så tidleg som i desember 1944 –

fire månader før krigan var slutt - «visste» at seks millionar jødar var blitt drepne var dette basert på - kva? Og kva med sionisten rabbi Dov Weissmandel som kom med talet allereie i mai 1944? Det fanst ingen statistiske data eller andre pålitelege parameter desse to kan ha nytta for å kome fram til eit slikt fasitsvar.

«Dersom Rudolf Höss [kommandanten i Auschwitz] skulle ha blitt tvunget til å oppgi et spesielt antall døde, noe det ikke finnes bevis for, ville det være mer sannsynlig at han faktisk gjorde det -- altså konsistent oppga samme tall.»

Dersom han var forvirra og slengde tre ulike tal ut i lufta er det desto meir urovekkjande med omsyn til truverdet hans som vitne. I Nürnberg vart framtoninga hans mellom anna skildra som «schizoid». La oss vere ærlege; Höss sa fleire ting som i retrospekt neppe er korrekt og som etter mi vurdering kjem inn under kategorien fornærming av menneskeleg intelligens. Hadde Höss skrive historia si under krigen – i dagbokform eller på annan måte – hadde eg neppe tvilt på at han skreiv sanninga. I fangenskap med bøddelen like om hjørnet, og med ei uviss skjebne for familien er det lettare å tenkje tanken om vikarierande motiv.

«Den leiren Höss tilsynelatende tenkte på da han sa Wolzek, var Sobibor. Han talte tidligere i det samme avhøret om en leir som lå "40 km i østlig retning fra Kulm". Sobibor ligger 40 km nord-øst for Kulm.»

Den austlege retninga Höss snakkar om er i realiteten i retninga nord-nordaust, så det vert om lag det same som å seie at Oslo er ein by i nordleg retning frå Stavanger. Ikkje direkte feil, men totalt villeiande.

«Vi har da to mulige forklaringer: Höss ble torturert/tvunget til å oppgi en fiktiv dødsleirog plassere den -- tilfeldigvis! -- på samme sted som en reelt eksisterende, eller, mer sannsynlig, vel: han glemte navnet. Höss hadde åpenbart ikke et fotografisk minne som Hitler.»

Eller alternativ tre: Höss dreiv gjøn med britane og polakkane for å svekke truverdet til si eiga forklaring.

«Det ble for en stund siden postet et båndopptak av Heinrich Himmler som taler til høyere SS-offiserer ved en konferanse i Poznan. Der ble det snakket om en endelig løsning for jødene.»

Så vidt eg kan sjå etter å ha lese heile talen snakka Himmler om evakuering og fjerning av jødar frå tysk sfære. At SS var rundhanda med likvideringar av jødar på austfronten er det heller ingen tvil om, og talen må lesast i lys av dette, men eg finn ikkje noko prov i talen som syner at alle jødar under tysk kontroll skal drepast i gasskammer. Termen «Endlösung» vart så vidt eg kan sjå ikkje nytta i talen i det heile, så her er det nok ei misforståing på gang.

«Og så har man Wannsee-konferansen, ikke bare kjent fra dokumenter, men også fra vitneførsel fra de som faktisk var der.»

At det kom ein ordre om industrielt folkemord ut av Wannseekonferansen er det ingen prov for. Ingen av deltakarane hadde rang eller fullmakt til å avgjere noko slikt, og Wannsee har blitt tydeleg tona ned i forskarkrinsar i mange år, sjølv om ein framleis høyrer eventyret i populærhistoria om at det kom ei avgjerd på konferansen om å drepe alle jødar i tysk sfære.

«Og uansett, når tyskerne "plutselig" begynte å samle opp jøder i 1941, mer eller mindre samtidig over hele Europa, burde ikke dette vise at det hele var planlagt?»

Det er vel ingen som tviler på at jødane vart utsett for umenneskeleg handsaming gjennom tap av sivile rettar, utstøyting av samfunnet, og deretter konfiskering av eigedom, deportering og bruk som slavearbeidskraft. Det bør heller ikkje vere nokon tvil om at hundretusenvis vart likviderte i Russland og at mange hundre tusen fleire mista livet i tyske konsentrasjonsleirar. Men det er eit steg frå å vere samd i alt som står over til å hevde at Tyskland planla og freista å drepe absolutt alle jødar under tysk kontroll på industrielt vis gjennom dødsleirar med gasskammer. Ja, dei vende den blinde auga til pogrom på austfronten og var rause med represaliar mot jødar i Russland, og dei sende mange hundre tusen til konsentrasjonsleirar som var smekkfulle av sjukdom og med høge dødsrater, noko som er umenneskeleg og kriminelt i seg sjølv. Men nei, det er aldri funne 1) nokon plan om å drepe alle jødane under tysk kontroll, og det er heller aldri funne 2) tyske dokument frå krigen som nemner gasskammer for å drepe så mange som mogleg. Det er berre på desse to siste punkta eg er usamd med dei ortodokse, rett og slett fordi det ikkje finst handfaste prov frå samtidige og pålitelege kjelder.

«Auschwitz: Vi er også midt i et inferno -- "verre en Dantes inferno", ifølge Kremer, av massemord på hele toglaster fulle av uskyldige og forsvarsløse mennesker. Kremer levner i sitt vitnemål fra 1947 ingen tvil om hva han hadde i tankene da han talte om "Sonderaktionen", "utryddelsesleiren" Auschwitz, og "anus mundi" [...]»

Eg spurte deg tidlegare om det finst eit tysk dokument frå krigen som nemner gassing av jødar, så når du stadig kjem trekkjande med meir eller mindre poetiske utdrag frå ei dagbok seier det meg at du ikkje er i stand til å gje meg det eg ber om.

Det er elles ein uredeleg uvane å tilleggje ord tydingar det openbart ikkje har. I ortodoks litteratur vert ordet «sonderaktion» ofte ei eufemisme på dreping, på trass av at Kremer skriv om ein «sonderaktion» frå Holland, og ikkje ein «sonderaktion» på jødar frå Holland som ville vere noko heilt anna. Ordet «sonderaktion» betyr som ordet seier at det er ei hending som er utanom det vanlege, så dersom du i likskap med dei ortodokse meiner at gassing hende daglegdags og fleire gonger om dagen i Auschwitz gir det heller ikkje meining å kalle det ein «sonderaktion».

Du har rett i at Kremer forklarte seg i 1947 (og han uttalte seg på nytt i 1964). Likevel har ikkje dette same verdien som eit dagboknotat frå krigen ville hatt. Kvifor skreiv han ikkje rett ut i dagboka at han hadde sett gassing? Var han redd for styresmaktene? Han var tydelegvis ikkje så redd at han ikkje kunne skrive kritiske merknader om naziregimet. Og var tyskarane ein gjeng komplette idiotar som heldt gassinga så hemmeleg at dei måtte bruke eufemismar, som dei ortodokse hevdar, i krypterte og topphemmelege dokument, men ikkje så hemmeleg at dei let Kremer spasere ut av leiren og attende til sin sivile jobb, der han kunne fortelje det til alle, etter berre to månader i leiren!?

Kva Kremer verkeleg meinte var truleg dette, som han skreiv den 21. oktober 1942:

«Though I have no definite information yet, nonetheless I expect that I can be in Münster again before December 1 and so finally will have turned my back on this Auschwitz hell, where in addition to typhus, etc., typhoid fever is now mightily making itself felt.»

R. Faurisson, Mémoire en défense, 1980, s. 55f.

Med andre ord; det var all sjukdomen som opprørte Kremer. Påfallande nok ikkje eit ord om gasskammer før krigen for lengst var over.

«Altså var han tilstede ved gassingen *selv om* han var dårlig og hadde feber etter å ha tatt sin andre tyfusvaksine.»

Det står ikkje eit ord om gassing i dagboka, anna enn i samband med avlusing av bygningar. Han skreiv seinare i dagboka at det var sjukdomen som var eit «helvete». Dette notatet er av langt betre kvalitet enn dei seinare vitnemåla hans sidan det ligg nærare i tid.

«Denne typen manipulativ og uredelig omgang med kildematerialet er noe jeg ikke setter pris på. Kanskje du skulle avstå fra liknende manøvrer i fremtiden, som en "gjenytelse" for min "høflige tone"?»

Påstanden om manipulativ og uredeleg omgang med kjeldematerialet stiller eg meg undrande til. Den som har vore mest uredeleg av oss to er nok du, som med ord som «sonderaktion» «utryddelsesleiren» og «anus mundi» ser klar dokumentasjon på gassing som rett og slett ikkje finst. Så påstanden om uredeleg omgang med kjeldematerialet får du i retur. Og den høflege tonen din har eg enno ikkje sett i dette innlegget, så eg skuldar deg neppe noko som helst. Men redeleg og fagleg begrunna handsaming av kjeldematerialet skal du uansett (framleis) få.

«Det er slett ikke absurd å forestille seg at massemordets utvikling foregikk ved en dynamikk der hierarkiets nedre lag spilte en betydelig rolle. At Hitler ønsket et "judenrein" Europa for enhver pris, var selvfølgelig en nødvendig forutsetning.»

Eg tenkjer at du først og fremst bør finne dokumentasjon på gassing før du gir deg ut på fargerike årsaksforklaringar som det heller ikkje finst dokumentasjon på, og som naturlegvis kviler på funn av førstnemnde.

«(Ved å stille disse retoriske (og, med respekt å melde, fullstendig imbesile) spørsmålene mener Norrønamann (som Jürgen Graf) tilsynelatende å antyde at "sionistene" eller en liknende kraft skulle ha kommet opp med antall ofre på forhånd, og at krigen simpelthen var deres sjanse til å sette det frem og propagandere det for hele verden, for således å ... ja, hva da, egentlig?»

> Her er det ikkje berre ad-hominem argumentasjon, men no vert det óg krydra lett med stråmannsargumentasjon, der ein medvite misrepresenterer motparten sin argumentasjon. http://en.wikipedia.org/wiki/Straw_man

> **«Du fordyper deg i tekniske teknikaliteter i en sånn grad at det er umulig for "menigmann" å holde tritt.»**

- Beklager, men eg freista å få fram truverdet – eller rettare sagt mangel på truverd - til eit einskild vitne som dei ortodokse ofte siterer, på trass av ei rekkje feil i forklaringa hans. Det var ikkje mogleg å syne desse feila utan å gå i detaljar.

- **«Du forsøker å framstille historieforskning som religion, et spørsmål om tro og tvil»**
- Absolutt ikkje. Nesten all historieforsking er fri, men i kva grad kan ein snakke om fri forsking når somme konklusjonar kan gje deg fengselsstraffer eller andre harde sanksjonar? Dette er usett i andre fagområde eller historiske tema.
- Når det gjeld den kvasireligiøse karakteren rundt Auschwitz er dette som alt anna her berre mi personlege meining: Auschwitz vert eit pilegrimsmål, piggtråd, sko og oskehaugar vert relikviar, nazismen vert inkarnasjonen på satanisk ondskap, Hitler vert inkarnasjonen av Satan, og forskerane vert eit presteskap som er bindeledd mellom heilagdomen og folk flest, og som kjem med normative retningslinjer ut frå historia.

«Du fremstiller andre revisjonister som pålitelige kilder, i dette tilfellet Jürgen Graf.»

- Eg har aldri lese artikkelen det er snakk om, men eg har ingen kvaler om å bruke Jürgen Graf så lenge han syner til konkret kjeldemateriale som eg kan sjekke sjølv. Jürgen Graf er ikkje ei upåliteleg kjelde fordi han er revisjonist. Og det vert kretinsk å sjå bort frå kjeldematerialet revisjonistar eventuelt gjer kjent *fordi* dei kjem til konklusjoner ein ikkje liker. Andre sine vurderingar kan ein gjerne forkaste, men ikkje kjeldematerialet i seg sjølv. Så i den grad Graf oppgir kjeldemateriale som andre kan sjekke og kike han i korta, er det faktisk heilt uproblematisk.

-

«Til slutt har jeg en liten utfordring til deg: Hvis gassingen ikke fant sted, hvor blir det da av alle de europeiske jødene som forsvinner i løpet av første halvdel av 1940-tallet? Rundt 50% fordufter fra jordens overflate, ingen ser eller hører fra dem igjen, hele jødiske samfunn fordufter!»

Først må du nesten dokumentere at rundt 50% av alle jødane fordufta frå verda si overflate, så kan eg ta utfordringa. Eg tviler likevel ikkje, som du ser over, på at jødane vart råka særs hardt av andre verdskrig. Men sjølv eit stort folketap er ikkje noko prov i seg sjølv på planlagd folkemord med gasskammer. Under boerkrigen, der britane sette sivile boerar i konsentrasjonsleirar for å unngå at dei støtta opprørerane, døydde om lag 40 prosent av dei innsette vaksne og 60 prosent av borna på eitt år åleine. Likevel er det vel ingen som vil hevde at britane hadde ein plan om å drepe alle boerane. Høge dødsrater som følgje av sjukdom er ikkje til å unngå når ein stuer eit stort antal menneske på liten plass. Det kan vere eit reint helvete, som Kremer skildra.

«Tross alt, hvis fornekterne med 'vitenskap' kan bevise at nazistene aldri utryddet jødene, hva er da i veien med nasjonalsosialisme som ideologi?»

Nasjonalsosialismen er først og fremst ein steindaud ideologi, tufta på svak teori som synte seg dysfunksjonell i praksis. Det er neppe slik at folk ville flokke seg rundt ideologien dersom ein kom fram til at dei ikkje hadde ein plan om å drepe alle jødane eller om det var kjend at dei ikkje hadde gasskammer. Regimet hadde mange nok svin på skogen og mange nok offer til at ideologien for alltid vert liggjande på historia si søppeldynge. Det var trass alt ikkje berre jødane som måtte lide for politikken deira, men heile det tyske folket og det meste av Europa.

«Det handlet på dette tidspunktet ikke lenger om "evakuering", noe Himmler gjorde klart ved å snakke åpent om jødenes "utryddelse" -- "die Ausrottung des jüdisches Volkes"»

Ordet «ausrotten» har fleire tydingar på tysk. Det kan bety «drepe», men det kan óg bety å «luke ut» eller «fjerne», som igjen kan vere synomymt med tvungen evakuering. I denne teksten er det tydeleg at Himmler snakkar om evakuering i form av å fjerne jødane frå tysk sfære og neppe om ein plan om å drepe alle jødane under tysk kontroll. Allereie første setning under gjer det klart at det er evakuering Himmler meinar, og ikkje fysisk tilinkjesgjering:

«Ich meine die Judenevakuierung: die Ausrottung des jüdischen Volkes.

Es gehört zu den Dingen, die man leicht ausspricht. "Das jüdische Volk wird ausgerottet", sagt Ihnen jeder Parteigenosse, "ganz klar, steht in unserem Programm drin, Ausschaltung der Juden, Ausrottung, machen wir.»

Her er mi omsetjing: «Eg meinar evakueringa av jødane: Det jødiske folket vert teke bort. Det er ein av desse tinga ein seier lett: «Det jødiske folket vert fjerna», seier alle partikameratar til dykk, «det er ganske klart, står i programmet vårt, utskilje jødane og ta dei bort, er dét vi gjer.»

Som Himmler sa det sjølv, det står i programmet vårt! Med «programmet vårt» meinte han naturlegvis partiprogrammet til NSDAP. I dette programmet stod det ikkje at jødane skulle likviderast, men berre at jødane ikkje skulle ha statsborgarskap – noko som i realiteten var synonymt med utvising frå landet.

«Det kan som nevnt se ut som at en slik plan aldri eksisterte. Det blir galt å slutte fra at en plan ikke er funnet/ikke eksisterte, til at massemordet ikke fant sted.»

Mangelen på ein plan eller ei skriftleg ordre i det tyske byråkratiet med all si dokumentfetisjisme inneber ei kraftig svekking av tesa om eit planlagd massemord på mange millionar menneske. Hugs óg at det er du som skuldar tyskarane for massemord, og at det er du som har ansvar for å prove at skuldingane er rette, og ikkje tyskarane som skal prove si eiga uskuld.

«Angående mangelen på offisielle tyske dokumenter som spesifikt refererer til massemord ved gassing, er årsaken naturligvis at SS systematisk tilintetgjorde inkriminerende dokumentasjon.»

Var tyskarane ein gjeng idiotar? Kva slags meining finn du i å «systematisk» tilinkjesgjere inkriminerande informasjon, og samstundes la augevite spasere ut av porten på slutten av krigen? Var dette i så fall smart – eller eingong logisk dersom ein ville kutte alle lause trådar? Eit godt prov på at det ikkje var massemord ved gassing i Auschwitz var at tyskarane lot augevitna leve.

Og kva slags prov har du eigentleg på at SS «systematisk» tilinkjesgjorde dokument som refererte til massemord ved gassing? Sanninga er at det ikkje finst dokumentasjon på dette i det heile, så om domstolane i Noreg i dag skulle ta stilling til kriminalsaker på same måte og etter same logikk ville alle sikta vorte dømde: Dei sikta er skuldige dersom ein finn prov mot dei. Og finn ein ikkje prov mot dei er dei óg skuldige sidan dei har øydelagd alle prov!

«Det finnes faktisk likevel noen få overlevende dokument. Ett dokument taler rett ut om en "Vergasungskeller" ("gasskjeller");»

Det var fleire rom i leiren som hadde ordet «gass» i namnet utan at det har meininga gasskammer for massemord. I konstruksjonsrapporten for Birkenau frå 30. oktober 1941 vart det til dømes bygd to desinfeksjonsbygningar (BW5a og BW5b), som begge hadde gassrom (Vergasungsraum). Planane er likevel såpass uklare at det er vanskeleg å seie kva slags funksjon kjellaren hadde, men det ville uansett ha vore svært upraktisk å ha eit gasskammer i ei anna etasje enn krematoriet, ettersom ein av effektivitetsomsyn ville ha vore avhengig av å enkelt transportere lika frå gasskammeret til krematoriet.

«et annen dokument er en inventarliste over Krematorium III fra juni 1943 lister opp "gasstett dør" og 14 falske "dusjhoder" (det var ingen vanntilkobling);»

Eg ser elles ikkje noko i dokumentet som seier «falske» dusjhovud. Dusjhovuda var ekte, og det kan dokumenterast at det var konkrete planar om å sette opp om lag 100 oppvarma dusjar på same stad.

Den 14. mai 1943 sende Karl Bischoff eit telegram til Karl Prüfer i Topf & Sohn og ba han om å ta med planar om konstruksjon av 100 dusjar i kjellaren av Krematorium III:

«Bring Monday [May 17] rough plan for production of hot water for about 100 showers. Fitting of heating coils or boiler in the waste incinerator at present under construction crem. III or system using the high temperatures of the flue gases. It would be possible to raise the brickwork of the furnace to take a large tank. Herr Prüfer is requested to bring the relevant drawings on Monday 15/5. Sig. Bischoff»

http://www.ihr.org/jhr/v20/v20n2p17_Crowell.html

Dokumentet er óg sitert i boka til Jean Claude Pressac: Auschwitz: Technique and Operation of the Gas Chambers. 1989.

I tillegg kom det ein rapport 16. mai 1943 med følgjebrev frå Bischoff til kammler:

«Disinfection Station

For the disinfection of the prisoners' clothing in the several parts of BA [Bauabschnitt: i.e., Birkenau sector -- ed.] II an Organization Todt disinfection station is envisioned. In order to achieve a complete bodily delousing for the prisoners, both of the existing baths for prisoners in BA I will be equipped with hot water heaters and boilers, so that there will be hot water for the existing showers. It is further planned to run heating pipes from the incinerator at crematorium III, to be used for the water in the showers to be set up in one of the basements of crematorium III.»

http://www.ihr.org/jhr/v20/v20n2p17_Crowell.html

Lista di er frå 24. juni 1943 – altså mindre enn ein månad etter at tyskarane planla ekte dusjar på same stad.

«vi har den ovenfor nevnte Johann P. Kremers dagbok der han taler om "Sonderaktionen"»

Ordet «sonder-» med ulike endingar vart mykje brukt i Tyskland, både i militæret og i det sivile. (I Tyskland er det til dømes den dag i dag ikkje uvanleg at butikkar skriv ordet «sonderaktion» for å framheve spesialtilbod.)

Ordet «sonderaktion», og ord som «sondermassnahmen» og «sonderbehandlung» ser ein av og til går att, og i ymse samanhengar når det gjeld Auschwitz. Ein ser alle i samband med sjukdomsforebyggjande tiltak, som konstruksjon av dusjar, avlusingsanlegg o.l. I tillegg nemner Jean Claude Pressac at ordet «sonderaktion» óg vart nytta om nedslåing av streikar eller anna uro i leiren, noko eg ikkje ser på som usannsynleg. Dessutan vart «sonderaktion» moglegens óg nytta om prosessen med å skulle dei arbeidsdyktige frå dei arbeidsuføre.

Nederlandsche Roode Kruis (Utg.), Auschwitz, Bd. III, Gravenhage 1952, s. 72.

Det er med andre ord ikkje nokon tydeleg samanheng mellom ordet «sonderaktion» og gassing.

«[...] som han senere bekreftet var synonymt med gassing;»

Ein mann som risikerer dødsstraff er neppe verdas mest pålitelege vitne. Eg har store problem med å sjå den kvalitative skilnaden mellom Kremer sitt vitnemål og t.d.vitnemåla i Moskvaprosessane, dei falske tyske tilståingane frå andre tyske offiserar om deltaking i Katynmassakren eller andre utstillingsrettssaker, der den tiltalte kan velje mellom å få ein liten bonus for «samarbeid» eller å vere viss på å verte avretta. For det andre vil eg nok ein gong minne om at Kremer berre nemnde ordet «gassing» ein gong i dagboka, i samband med avlusing av bygningar.

«Kurt Prüfer, ansatt hos Topf & Sønn som bygde kremasjonsovner, skrev et brev høsten 1942 om at en kremasjonskapasitet i Auschwitz på 80.000 i måneden *ikke var tilstrekkelig*, hvilket også sier sitt.»

Det er i dag ikkje nokon seriøse forskarar som hevdar at krematoria kremerte vanvittige 80.000 i månaden. Eit slikt tal er etter mi vurdering ei uansvarleg overdriving som rimer dårleg med koksleveransane til leiren. Krematorieomnane var koksfyrte, så mengda av koks som vart levert til leiren kan gje ein viss peikepinn på kor mange som vart kremert i ein gitt periode. Materialet for krigen er ufullstendig, men i perioden 15. mars til 25. oktober 1943 vart det levert 607 tonn koks til krematoria i Auschwitz-Birkenau. I tillegg kom det levert 96 kubikkmeter ved, noko som tilsvarer om lag 21 tonn koks. Til saman har ein då energi som tilsvarer om lag 628 tonn koks. Vi veit óg at i den same perioden er det registrert om lag 16.000 naturlege dødsfall, noko som tilsvarer om lag 40 kilo koks per kremasjon. Ein kremasjonskapasitet på 80.000 i månaden skulle derimot tilseie at tyskarane var i stand til å kremere eit lik med mindre enn ein kilo koks i denne perioden, noko som fint burde halde til nobelprisen i fysikk.

Utvidinga av krematoriekapasiteten tidleg i 1943 var i seg sjølv logisk. Brevet er frå hausten 1942, altså midt under tyfusepidemien då det døydde fleire hundre fangar kvar einaste dag av sjukdom. For det andre heng utvidinga av krematoriekapasiteten saman med at Himmler under vitjing til Auschwitz den

17.-18. juli 1942 beordra at krigsfangeleiren i Birkenau skulle utvidast frå 125.000 til 200.000 fangar. I siste tredel av 1942 døydde litt over 20 prosent av alle fangane av sjukdom, noko som maksimalt utgjorde 25.000 fangar. Ein ville vere viss på at krematoria hadde kapasitet til å brenne unna alle lika dersom ein ny epidemi skulle kome – og i tillegg dersom fangebefolkninga auka med 75.000 menneske.

H. Langbein, Menschen in Auschwitz, Europaverlag, Wien. 1987, s. 74.

«Dette er riktignok bare fragmentarisk dokumentasjon, og ser man på hvert enkelt av disse dokumentene isolert, hvilket Holocaust-benekterne gjerne gjør, er det lett å "resonnere" seg frem til "revisjonistiske" fortolkninger, som at det hele dreier seg om helt uskyldige desinfiseringsrom»

Det er som eg har skrive over veldokumentert frå samtidige tyske dokument at dei hadde desinfiseringsrom i leiren og at ymse hygienetiltak vart sett i verk for å hindre sjukdom. Det er derimot ikkje dokumentert at tyskarane hadde gasskammer for å drepe så mange som mogleg.

«Men dokumentene må naturligvis settes i det øvrige tilgjengelige kildematerialets kontekst, nærmere bestemt tyske gjerningsmenns såvel som jødiske og andre ofres, inkludert flere titalls Sonderkommando-medlemmers vitnemål om gassingen;»

Det er farleg å framstille det slik at det finst titusenvis av vitne som seier det same om Auschwitz. Dei aller fleste stadfestar at dei høyrde «rykte» i leiren om eit gasskammer, men nesten ingen såg noko som helst anna enn ein arbeidsleir. At dei hadde høyrt eit rykte var ikkje anna å vente. Vi veit at den første «rapporten» om eit gasskammer kom frå den polske undergrunnsrørsla i 1942. Dette fell tilfeldigvis saman i tid med konstruksjonen av avlusingsanlegg med dusjar der tilfeldigvis Zyklon B vart nytta for å ta knekken på tyfusberande lus. Vi har med andre ord ei kopling på same tid mellom dusjar, gasskammer og Zyklon B som hadde stikk motsatt funksjon enn å ta livet av så mange som mogleg – nemleg å redde liv. Vinteren og våren 1942 kom altså rapportar frå den polske undergrunnsrørsla til den polske eksilregjeringa i London om at tyskarane hadde gassa 700.000 i Polen i «gassvogner», at det var blitt eksperimentert med gassing av russiske krigsfangar i Auschwitz i 1941, og at det var ein leir i nærleiken av Auschwitz kalt Paradisial som hadde fem

gonger så stor krematoriekapasitet som Auschwitz. I juni 1942 vart eit utdrag av rapportane frå den polske undergrunnsrørsla send på BBC, så frå 1942 vart desse rykta spreidd ut over heile Europa, og at det vart snakka om rykte om gasskammer i Auschwitz var med bakgrunn i dette ikkje særleg rart.

Dei som faktisk hevda å ha vore vitne til gassing er forsvinnande få jamført med alle dei som hadde høyrt rykta. For Auschwitz-Birkenau sin del er talet på augevitne neppe høgare enn 10-12. Rudolv Vrba, som var ein av forfatterane av ein tidleg rapport om gassing måtte til slutt medgje at han attfortalde historier han hadde høyrt frå andre. I tillegg er det såpass store sprik i forklaringane til augevitna at dei ikkje er konsistente. Særleg ser vi store variasjonar og motseiingar i dei tidlegaste vitnemåla, der vitnemåla låg nærare i tid og risikoen for forureining var mindre. Den første avisartikkelen til Pravda frå Auschwitz er eit døme på dette, der augevitne mellom anna fortalde at tyskarane brukte eit elektrisk samleband til massemord (som naturlegvis ingen har høyrt om før eller sidan):

http://www.fpp.co.uk/docs/Pravda020245.html

Det var først mange år etter krigen at historiene til augevitna vart så konsistente som dei er i dag, med hovudfokus på gasskammer med Zyklon B. På detaljnivå, det vil seie korleis gassingane konkret vart utførde er det til og med den dag i dag store avvik i forklaringane.

«[...] vitnemål fra overlevende som så sine nærmeste bli sendt til venstre i stedet for til høyre for deretter aldri å se dem igjen;»

Auschwitz-Birkenau var ein del av eit industrikompleks for slavearbeidskraft, så tyskarane måtte skille dei arbeidsføre frå dei arbeidsuføre. Det var ikkje slik at arbeidsuføre vart drepne. Her er eit bilete av born i Auschwitz ved slutten av krigen:

http://www.wgvu.org/home/Surviving_Auschwitz/Surviving%20Auschwitz%20-%20Children.jpg

Her er ei eldre kvinne som får hjelp av ein russisk offiser:

http://www.scrapbookpages.com/OldPhotos/AuschwitzLiberation.gif

Og dei såkalla «Sterbebücher», som dødsfalla vart registrerte i, nemner mange døme på eldre som rett og slett døyr av svak helse og alderdom over 80 år gamle.

Likevel er det alltid slik at det er borna og dei eldre som gjerne vert dei første offera når det bryt ut sjukdom, så at familiar vart splitta og kanskje aldri traff kvarandre igjen er slett ikkje rart.

«spor av giftgassen i gasskamrenes vegger;»

Dette er ei provoserande fråsegn som tøyer sanninga. Zyklon B var det mest effektive insektmiddelet før DDT vart oppfunne. I Auschwitz vart Zyklon B brukt over heile leiren for å ta knekken på tyfusberande lus, og det vart óg mykje brukt i det sivile. Ein finn spor etter insektmiddelet over praktisk tala heile leiren, og ikkje berre i «gasskamra». Eit pinleg faktum for dei ortodokse er likevel at ein finn store konsentrasjonar av såkalla «prøyssisk blå» på stadane ein dreiv med regelmessig avlusing, men ikkje tilsvarande høge verdiar der dei ortodokse påstår at tyskarane dreiv med massemord med det same insektmiddelet.

«Den pedantiske kveruleringen rundt preposisjonene "på" og "fra" og det øvrige i forbindelse med Kremers tale om "Sonderaktionene", får la stå som et vitnesbyrd på manglende argumentasjonskraft.»

Dette er typisk ad-hominem argumentasjon – personåtak for å trekkje bort fokuset frå debatten. Det er kanskje berre logisk at ein lege som arbeidde på eit universitet ikkje kunne grunnleggjande tyske

preposisjonar?

«De SS-menn og andre som kjente til gassingen, talte antagelig åpent om det seg imellom.»

Du svarer ikkje på spørsmålet mitt, men kjem med billege spekulasjonar i staden, så eg må freiste ein gong til: Var gassingane så hemmelege at tyskarane måtte bruke eufemismer i krypterte og topphemmelege dokument, men ikkje så hemmeleg at dei ikkje kunne innvie ein mann som Kremer i kva som hende, som attpåtil berre var i leiren i to månader? Og var jødeutryddinga så hemmeleg at ein brukte eufemismer i topphemmelege dokument, men ikkje så hemmeleg at ein ikkje kunne skryte av det i offentlege talar?

«Det er likevel ikke vanskelig å forestille seg at man var varsom med hvilke ord man brukte både i private nedtegnelser og spesielt i offisielle dokumenter.»

Kremer var faktisk svært lite varsam på andre område i dagboka si, ettersom han skreiv kritiske merknader om naziregimet, som uansett kunne ha gitt han store problem dersom dei vart oppdaga.

«Det er intet å undres over. Du skulle ha følgende tekst:

2. schutzimpfung gegen Typhus; danach abends starke Allgemeinreaktion (Fieber). Trotzdem in der Nacht noch bei einer Sonderaktion aus Holland (1600 Personen) zugegen.

Til å bety at Kremer "gjekk ut og var vitne til menneske som kom av toga til Auschwitz sjuke og i svært dårleg forfatning."

Gitt at Norrønamann kan elementær tysk, er denne manøveren uærlig, uredelig og manipulativ.»

Her var det nok du som var uredeleg, ettersom eg gav klart uttrykk for at eg spekulerte. Ved å klippe og lime slik det passar deg får du utsegna til å sjå bombastisk ut frå mi side, noko den slett ikkje var.

Tysken min er ikkje super, men ikkje verre enn at eg kan lese både faglitteratur og dagboknotat på tysk. Innhaldet i Kremer sitt dagboknotat enkelt å forstå språkleg sett, men innhaldet er uklart. Det er slett ikkje usannsynleg at Kremer var vitne til eit tog frå Holland som kom fram midt på natta, men fasiten på kva som hende den natta var det nok berre Kremer som sat med.

«Ser du siterer Robert Faurisson - kanskje greit å vite litt mer om denne mannen? Mannen er professor i litteratur - ingen autoritet på Holocaust. Han er faktisk grundig avkledd som det motsatte.»

No siterte eg ikkje Faurisson sine tankar eller vurderingar, men eit direkte sitat frå ei anna kjelde som stod i ei av bøkene hans. Det er med andre ord ei smal sak å sjekke om sitatet stemmer for å sjå Faurisson i korta, så då er det i grunn uproblematisk. Men du har derimot rett i at Faurisson sine tankar og vurderingar i litteratur bør vege ein heil del tyngre enn tankane og vurderingane om Auschwitz – eg har derimot ikkje brukt nokon av dei. Når det er sagt er det óg berre eit mindretal av dei ortodokse holocausthistorikarane som er faghistorikarar.

«Nok en klassisk holocaust-fornekter-strategi: Framstille "tvilerne" som en forfulgt pariakaste. Dette er heller ikke sant.»

Dette er vel ingen strategi; det er klare fakta. Å tvile på den offisielle holocausthistoria framprovoserer svært sterke kjenslemessige reaksjonar hjå folk flest, og i denne gruppa finst det eit

lite mindretal som er villege til å ty til vald. Så å stå fram som revisjonist i det offentlege rom kan få deg banka opp, huset ditt brend ned eller i verste fall drepen. Er ein ekstra uheldig å bu i eit land der holocaustrevisjonisme er nedfelt i vanleg straffelov, får ein naturlegvis fengsel eller bøter i tillegg til alt det andre.

«Holocaust-fornektere kan fritt framsette sine politisk motiverte løgner i det aller meste av verden, f.eks. Storbritannia, USA eller Iran (jmf. Holocaust-kongressen i Teheran for en stund tilbake).»

Politisk motiverte løgner? Først til påstanden om politisk motivasjon: Som eg nemnde var revisjonismen sin far, Paul Rassinier, ein kommunist, antifascist og tidlegare konsentrasjonsleirfange som slett ikkje var ute etter å rehabilitere nazismen, dersom det er dét du legg i politisk motivasjon. Sjølv er eg sosialliberal og demokrat. Eg veit ikkje kor bevandra du er i politisk filosofi, men demokrati og liberalisme var så vidt eg hugsa to ting som var rimeleg upopulære i nazistiske krinsar i heile historia til partiet. Om skilnaden mellom kommunisme og nazisme, eller mellom sosialliberalisme og nazisme framleis er vanskeleg å få auge på, er det ikkje mangel på bøker om temaet som du kan lese.

Dernest til påstanden om løgn: Ein påstand er berre løgn dersom den som set fram påstanden veit at den ikkje er sann. Det gir ikkje meining å kalle nokon som set fram ein påstand i god tru om at det dei seier er sant, for løgnarar. Så for å kalle revisjonistar løgnarar må du nesten vite kva dei tenkjer, noko eg med all respekt tviler på at du er i stand til.

Når det gjeld holocaustkonferansen i Iran er det både eit paradoks og ei stor skam at europearar frå land med lange demokratiske tradisjonar nærast var tvungne til å reise til skrekkregimet i Teheran for å få ytringsfridom og nok tryggleik for deltakarane til å halde ein konferanse om eit historisk tema.

«Nå gjør du det igjen. Du påstår at du "absolutt ikke" framstiller historieforskning som religion. Hva er det du gjør i sitatet ovenfor?»

Her trur eg nok du misforstår meg. Eg kritiserer dei som gjer historieforskinga til ein religion, med alle sine fallgruber. Forsking kan ikkje vere religion, og religion kan ikkje vere forsking. Dei to utestengjer kvarandre gjensidig. Historiefaget må ha eit vitskapleg fundament der ein baserer seg på truverdige kjelder for å finne ut av kva og ikkje minst kvifor ting hende, og det må vere lov å stille spørsmål og å kome til upopulære konklusjonar utan å verte utsett for represaliar for at ein skal kunne snakke om fri forsking.

«Hva skal ellers historiefaget basere seg på? Man har ikke annet enn øyenvitneskildringer, enten fra primærkilde eller gjenfortalt. Dokumentasjon er jo ikke annet enn gjengivelse av en øyenvitneskildring av en hendelse; fra midt i begivenheten eller sett på avstand.»

Det eg skreiv var at historiefaget ikkje skal baserast på «augevitne» som attfortel historier og rykter dei har høyrt frå andre – med andre ord andrehands informasjon som ikkje eingong «augevitna» kan seie sikkert stemmer. Eit augevitne er ein person som har sett med eigne auge det han eller ho vitner om, og slike kan vere nyttige supplement til andre kjelder. Likevel er ikkje den menneskelege hjernen lik ein dvd-spelar som kan spele av minna nøyaktig slik ting hende. Sjølv normale og mentalt friske menneske kan lage «mentale bilete» av historier dei berre har høyrt frå andre og tru at dei faktisk har sett og høyrt det sjølve. Og dess sterkare kjenslemessige reaksjonar som er forbunde med det ein vitner om, dess mindre pålitelege er augevitna. Dessutan er minna noko som «rotnar»

over tid, og som kan blandast med nyare erfaringar og verte forureina.

Så for å finne ut om eit augevitne er påliteleg må ein ta utgangspunkt i så tidlege vitnemål som mogleg for å unngå forureining. Ein må dessutan sjå etter feil, sjølvmotseiingar og motseiingar med andre vitne. For Auschwitz sitt vedkomande i samband med påstandar om gassing er det ikkje særleg fleire vitne enn Höss, Broad, Vrba, Müller, Tauber, Dragon, Nyiszli, Bendel, Gerstein og Wiernik, og dei inneheld både feil og motseier kvarandre i ei slik grad at det er lite å verte klok av, og det er etter mi vurdering ikkje mogleg å trekkje ut noko sikker kunnskap ut frå eit minste felles multiplum.

«Her har du altså trukket frem to stykker som nevnte tallet seks millioner -- det naturlige spørsmålet å stille da er: hva så? Jeg synes ikke det er noe underlig med disse utsagnene. De ble satt frem henholdvis i mai og desember 1944. Muligens hadde Weissmandl tilgang på informasjon fra Vrba-Wetzler-rapporten og/eller Witold Pileckis rapport fra 1943; det samme gjaldt muligvis for Ehrenburg.»

Ei neppe heilt arbeidsdyktig gamal dame med stokk i Auschwitz:

http://www.k12.nf.ca/gc/SocialStudies/whist3201/World%20History/AshleyKayla/auschwitz.gif

«For mer lesing om det tredje riket kan jeg anbefale "The rise and fall of the third reich" av William Shirer»

Eg har tilfeldigvis lese boka til William Shirer frå perm til perm. Sjølv om boka er bra skriven er den basert på *aktoratet sitt materiale frå Nürnberg*, der Shirer var tilhøyrar. Ein kan ikkje vere så naiv at ein trur at ein får fram ei balansert framstilling av kva som hende ved å einsidig og ukritisk støtte seg til aktoratet sitt ubalanserte materiale og ignorere alt anna.

«Du forutsetter at nazistene med Hitler og Himmler i spissen var rasjonelle. Det var de ikke. Derfor brukte de en hel masse ressurser som ellers kunne vært brukt ved fronten til å drepe jøder og andre de ikke likte.»

Hitler sine ordre om jødespørsmålet er ikkje til å misforstå, og snakkar om å utsetje «den endelege løysinga» i form av tvungen emigrasjon etter at krigen er over. Sjå her til dømes bordsamtalen i Hitler sitt hovudkvarter den 24. juni 1942.

«Holocaust var rasjonell ut i fra den verdensanskuelse Hitler hadde. Nazistene anså den "internasjonale sionismen" som en større trussel enn de allierte.»

Hitler var tydeleg på at han ville utsette jødespørsmålet til etter krigen var over, for deretter å tvinge dei til å emigrere. Kvar i all verda har du det frå at det «internasjonale sionismen» etter Hitler sin logikk var ein «større trussel enn de allierte»? Det er i alle fall ikkje frå arkivmaterialet, som her seier det stikk motsette av det du skriv – at krigføringa var så viktig at den endelege løysinga på jødespørsmålet i form av tvungen emigrasjon måtte leggjast på is til etter krigen var over.

«For ikke å snakke om dette utsagnet (fra Goebbels dagbøker, 14. februar 1942):

"The Fuehrer once more expressed his determination to clean up the Jews in Europe pitilessly. There must be no squeamish sentimentalism about it. The Jews have deserved the catastrophe that has now overtaken them. Their destruction will go hand in hand with the destruction of our enemies. We must hasten this process with cold ruthlessness" (s. 85-86).»

Det tek litt tid å verte van med stilen til Goebbels. Han hadde ein skrivestil som etter dagen sin standard er full av flosklar, så for å finne meininga med orda hans må vi støtte oss til andre dagboknotat og andre kjelder. Eg har dokumentert at Hitler på dette tidspunktet gav ordre om å utsetje jødespørsmålet til etter at krigen var over, så det må ha vore dette Goebbels sikta til då han synte til ein samtale med Hitler. Goebbels kan difor ikkje ha meint fysisk tilinkjesgjering, men kan t.d. ha meint øydelegginga av jødane som maktfaktor.

Goebbels skreiv dessutan følgjande notat, som eg er overraska over at du eller andre ortodokse her ikkje har teke opp, frå 27. mars 1942:

"Beginning in Lublin, the Jews are now being deported from the General- gouvernement to the east. This is a somewhat barbaric procedure and not one to be further described here. There is not much left of the Jews themselves. In general, one can state that 60 percent will have to be liquidated; only 40 percent will be able to be put to work."

Isolert sett og ved første augekast kan det sjå ut som om Goebbels skreiv om massemord. Det er likevel tydeleg, både frå avsnittet og andre dokument, at den «barbariske» prosedyren refererer til deporteringa av jødane. Ja, Goebbels såg faktisk på tvungen masseevakuering av heile familiar til Russland som «barbarisk». Termen «likvidere» refererer truleg til dei om lag 60 prosent som vart deporterte, og «likviderte» som økonomisk, politisk og sosial maktfaktor. Han nytta termen truleg som Hitler nytta termen «ausrotten» - i overført tyding. (Døme på dette har eg kome med tidlegare i denne tråden.) Dei resterande 40 prosenta skulle nyttast som slavearbeidskraft for den tyske krigsinnsatsen til krigen var over, og deretter deporterast.

Den 7. mars 1942 nytta Goebbels eit langt meir edrueleg språk, som etter mitt syn forklarer avsnittet 20 dagar seinare:

«The Jewish question must be solved within the framework of Greater Europe. There are still over 11 million Jews in Europe. They must first be concentrated in the east. Eventually, after the war, they can be sent to an island, like Madagascar. At any rate, there will be no peace in Europe until the Jews are completely excluded from the European territory."

Her stadfestar óg Goebbels den tyske jødepolitikken; å deportere jødane frå Europa etter krigen, ikkje å drepe så mange som mogleg.

Etter Wannseekonferansen byrja tyske styresmakter å deportere jødane frå Polen mot aust, og at

dette *ikkje* var ei eufemisme for mord vert óg stadfesta av tyske dokument. Styresmaktene som stod for mottaket av jødiske emigrantar frå Polen fekk mellom anna følgjande ordre tidleg i 1942:

«I am asking you to take great care to ensure that the Jews are received and correctly transported at their final destination, wherever you have decided that they should go; they should not, as has occurred in other cases, arrive at their final destination without any supervision at all, and then disperse themselves all over the countryside.»

Józef Kermisz, Dokumenty i materia y do dziejów okupacij niemieckiej w Polsce, vol. II, "Akcje" i "Wysiedlenia," Warsaw-Lodz-Krakau 1946, s. 11; Germar Rudolf. *Lectures on the Holocaust*, Theses & Dissertations Press. Chicago, 2005. s. 340.

"After their arrival in their new settlement areas, the Jews are to be placed under medical supervision for 3 weeks. Every case of suspected typhus infection must be reported to the responsible district physician without fail."

Ibid., s. 15; Ibid., s. 340.

Medisinsk overvaking i tre veker dersom planen var å drepe dei? Neppe.

Og i mars 1942, litt over ein månad etter dagboknotatet til Goebbels som du siterte:

«On March 22, 1942, there was an evacuation of 57 Jewish families, a total of 221 persons, from Bilgoray to Tarnogrod. Every family was provided with a vehicle to transport their furniture and beds. The arrangements and supervision are to be taken over by the police and Special Service Command. The action went ahead according to plan and without incident. The evacuated persons were lodged in Tarnogrod on the same day.»

Ibid., s. 46; Ibid., s. 340.

Vi ser her at den «barbariske» prosedyren og «likvideringa» av jødane var eufemismer for tvungen emigrasjon. Dette var Hitler si vilje, som eg óg har dokumentert tidlegare. Og desse dokumenta syner at det var dét som hende.

Naturlegvis fanst det mange som ikkje var så heldige som jødane nemnde over. Eg har til dømes sjølv teke opp den uheldige lagnaden til togtransporten av jødar frå Berlin som i strid med tyske retningslinjer vart skotne i Riga 30. november 1941. Det finst sikkert fleire døme som dette, men poenget er at slike episodar var unntak og i strid med Hitler si vilje, og *ikkje regelen* og *ikkje i tråd* med Hitler si vilje.

1.

«Auschwitz bestod av 3 leire, hvorav kun én, Auschwitz II (Birkenau), var en utryddelsesleir.»

Eg veit naturlegvis godt at ein hadde Auschwitz I (Stammlager), Auschwitz II (Birkenau) og frå hausten 1942 Auschwitz III (Monowitz), men no diskuterer vi først og fremst Auschwitz som «dødsleir», og då ligg det implisitt at det er Auschwitz II vi snakkar om.

http://remember.org/auschwitz/images/aerial-photo-1944-m.jpg

Auschwitz I var i byrjinga ein konsentrasjonsleir for polske krigsfangar. Etter invasjonen av

Russland tenkte tyskarane at dei kunne dekkje opp for mangelen på arbeidskraft ved å nytte russiske krigsfangar som slavearbeidskraft, og dei grunnla difor den store Auschwitz II (Birkenau). Dei tyske plandokumenta omtala Auschwitz II som ein krigsfangeleir (K.G.L.), og aldri som ein «utryddelsesleir». Slavearbeidskraft derfrå vart nytta i den kjemiske storindustrien som låg like i nærleiken. Auschwitz III kom i drift i oktober 1942 og vart tilknytta den kjemiske storindustrien på staden.

http://www.ynet.co.il/PicServer2/01082004/551214/Auschwitz-Monowitz_wa.jpg

Frå 1942 tente Auschwitz som deportasjonssenter for jødar frå Vest- og Sentraleuropa. Leiren (heretter i tydinga leirkomplekset) låg ved eit jarnbaneknutepunkt. Nokre fangar vart registrerte i leiren, medan andre fangar vart send vidare til andre leirar. Somme transportar passerte jamvel Birkenau utan å stoppe. I følgje ortodoks historieskriving vart alle som ikkje vart registrert i leiren drepne, som om Auschwitz var ein endestasjon.

Men det mest absurde i den ortodokse historia kjem her: Polske bønder arbeidde på markene rett ved sida av Auschwitz II, mange av fangane arbeidde i storindustrien og fabrikkar i nærleiken, både i militære og i sivile slike. Desse fangane hadde regelmessig kontakt med både andre fangar og tyske og utanlandske sivile. Dessutan var mange sivile firma og deira sivile arbeidskraft involvert i konstruksjonsarbeid i leirkomplekset, og i tillegg vart fangar stadig vekk sett fri, og fangar transportert frå Auschwitz I og II til andre leirar. Ein må vere rimeleg naiv for å tru at eit topphemmeleg og industrielt folkemord kan ha funne stad under slike gjennomsiktige omstende. Og vi kjem heller ikkje unna naiviteten i den ortodokse historia som seier at tyskarane drap dei same slavearbeidarane dei var avhengige av i ei tid med stor mangel på arbeidskraft, noko som vert motsagt av både sunn fornuft og tyske dokument som snakka om at dødsratene måtte ned.

«...og jeg vil nok en gang oppfordre alle til å finne fram en tysk ordbok, og sjekke betyningen av 'Ausrottung'. Det betyr 'utryddelse' (vernichtung), og ingenting annet. Dette er en nyttig lakmustest på Norrønamanns troverdighet.»

Det hjelp ikkje mykje å finne ei tysk ordbok frå 2009 for å finne tydinga av eit tysk ord *på 1940-talet*. På tysk i 2009 har ordet berre ei tyding, og det er å drepe. På 1940-talet hadde ordet to tydingar; det kunne ha meininga drepe, men det kunne dessutan ha meininga «rykke opp med rot», for etymologisk sett er det den meininga ordet har. I denne konkrete konteksten er det klart at Himmler meina tvungen emigrering, ettersom han til dømes synte til partiprogrammet som naturlegvis ikkje seier eit ord om massemord.

«Jeg kan ikke tenke meg at man var særlig opptatt av hygiene annet enn for vaktene i de rene dødsleirene. I de leirkompleksene som også innehold leire for krigsfanger, slavearbeidere e.l. (f.eks. Auschwitz, Treblinka) var man nok noe mer opptatt av dette.»

Både Auschwitz og Treblinka går for å vere dødsleirar. No veit eg ikkje så mykje om Treblinka, for leiren vart øydelagd og alt arkivmaterialet er borte, men tyskarane brukte store summar på hygienetiltak i Auschwitz, og eit av fleire slike tiltak er bakgrunnen for denne tråden – nemleg avlusingskammera som det er bilete av på side 1 i denne tråden for å ta knekken på tyfusberande lus.

«Bare for å ta det andre uttrykket fornektere ofte trikser med betydningen av, nemlig 'vernichten': dette betyr å tillintetgjøre, å ødelegge.»

Så då Hitler sa at dei tyske intellektuelle måtte verte *vernichtet*, (som eg synte tidlegare i denne tråden) hadde han konkrete planar om å skyte (eller drepe på annan måte) alle dei tyske intellektuelle? Eller er det mogleg at han ville «øydeleggje» dei, som du sjølv skriv, i overført tyding og som politisk maktfaktor?

«Forøvrig er den *direkte* ordlyden i Himmlers tale *"Wir haben das moralische Recht, wir hatten die Pflicht unserem Volk gegenüber das zu tun, dieses Volk, das uns umbringen wollte, umzubringen".»*

Feil. Himmler sa*: «Wir **hatten** das moralische Recht, wir hatten die Pflicht unserem Volk gegenüber das zu tun, dieses Volk, das uns umbringen wollte, umzubringen.»*
http://www.youtube.com/watch?v=7_XS3Xra0Xs

Som eg skreiv tidlegare var det jødeevakueringa Himmler snakka om, og han synte her til partiprogrammet som seier implisitt at jødane skal utvisast. Det seier naturlegvis ikkje noko om mord. Det var difor ikkje slik at evakuering var ei eufemisme for dreping, men dreping som var ei eufemisme for evakuering. Himmler nytta ordet i overført tyding, nett som Hitler om det tyske intellektuelle, for ikkje eingong Himmler kan ha meint at jødane bokstaveleg tala hadde planar om å drepe 80 millionar tyskarar!

Dersom du tolkar denne utsegna i retning av mord skal då jobben med å drepe jødane ha vore *avslutta* i byrjinga av oktober 1943, i ei tid då det framleis budde millionar av jødar i Europa, og dei ungarske jødane enno ikkje hadde vorte deportert.

Og som eg skreiv tidlegare: «For det andre var talane på den tida, som eg har skrive tidlegare, fulle av flosklar og overdrivingar, og eit tøft og spissformulert språk var ikkje uvanleg. I tillegg vil eg gjere merksam på ein av Hitler sine bordsamtalar kvelden 25. oktober 1941, der tilfeldigvis både Himmler og Heydrich var gjestar:

«From the rostrum of the Reichstag I prophesied to Jewry
that, in the event of war's proving inevitable, the Jew would
disappear from Europe. That race of criminals has on its
conscience the two million dead of the first World War, and now
already hundreds of thousands more. Let nobody tell me that
all the same we can't park them in the marshy parts of Russia!
Who's worrying about our troops? **It's not a bad idea, by the**
way, that public rumour attributes to us a plan to exterminate
the Jews. Terror is a salutary thing.»

Eg slo opp i ei elektronisk utgåve som er ganske lett tilgjengeleg på nettet, så du kan sjekke sjølv: Hitler`s Table Talk 1941-1944. Enigma Books. New York. 2000, s. 87

Det er uklart korleis ein skal tolke ordet «ausrotten» i den tyske originalteksten her, men Hitler snakka trass alt om rykta om jødeutrydding og ikkje den offisielle jødepolitikken, som var å «parkere jødane i Russland sine sumpar» - ikkje drepe dei i gasskammer. Likevel ser vi at Hitler, og truleg óg Himmler omfamna tanken om å la folk leve i uvissa fordi han ville skape frykt. Så dersom Himmler spissformulerte seg og lot det vere uklart om jødane – i alle fall i aust – skulle drepast på

kollektiv basis, veit vi at han hadde Hitler si støtte til å seie det, i alle fall indirekte. Er det ikkje óg påfallande at Himmler plapra om absolutt hemmeleghald samstundes som han sytte for både referat og lydopptak? Dette gir berre meining dersom han ville at innhaldet i talen på ein eller annan måte skulle verte kjend, eller i det minste bevare dei for ettertida.»

Det finst heller ikkje noko breiare dokumentarisk materiale frå den tyske toppleiinga som understøttar tesa om eit pågåande (eller for den saks skuld avslutta) industrielt massemord: I tillegg til at Himmler og Hitler forkasta konseptet om massemord som «bolsjevikisk» og «ugermansk» så seint som i 1940, veit vi at Hitler gav fleire klare ordre om at jødespørsmålet skulle løysast etter krigen i form av deportasjon. Himmler sin propagandatale annullerer ikkje på nokon måte eit betre kvalitativt materiale.

«Du har klippet og limt et antall utvalgte sitater og utdrag fra dokumenter gjengitt i benekterlitteratur forfattet av sjarlataner som Carlo Mattogno og Germar Rudolf [...]»

Det er ei logisk feilslutning å tru at *primærdokumenta* kan sjåast bort frå eller ikkje er gangbare fordi du er kritisk til personane som har sitert dei eller fordi du hevdar at dei er ukvalifiserte.

«Du har ikke "dokumentert" noe annet enn din egen grunnleggende uredelighet.»

Det kan sjå ut som om du har problem med å lese ein enkel tekst. Her er ei engelsk omsetjing av Schlegelbergerdokumentet. Dette er tilfeldigvis heilt samsvarande med Hitler sine eigne utsegner i sitt eige hovudkvarter, som eg óg har dokumentert tidlegare, samt eit notat i Goebbels si dagbok, der han refererte til ein samtale med Hitler om jødespørsmålet, som eg óg har dokumentert tidlegare:

"Mr Reich Minister Lammers informed me that the Führer had repeatedly declared to him that he wants to hear that the Solution of the Jewish Problem has been postponed until after the war is over. That being so, the current discussions are of purely theoretical value, in Mr Reich Minister Lammers' opinion. He will moreover take pains to ensure that, whatever else happens, no fundamental decisions are taken without his knowledge in consequence of a surprise briefing by any third party."

http://www.fpp.co.uk/Himmler/Schlegelberger/Schlegelberger42.JPG

Dokumentet er mest sannsynleg frå mars eller april 1942, og overlet ikkje nokon tvil om at Hitler gav klare ordre om å utsetje løysinga på jødespørsmålet til etter krigen. Hitler såg på massemord som «ugermansk» og «bolsjevikisk», og snakka om at han kom til å saumfare kvar einaste by for å kaste ut jødane frå Europa etter krigen. Vi kan godt kalle dette etnisk rensing om du vil, men eit statsstyrt massemord var det ikkje.

«For den som virkelig er ute etter å se hva som er dokumentert og hva som ikke er dokumentert angående Hitler, "jødespørsmålet" og mordet på millioner europeiske jøder og andre folkegrupper, så må man faktisk gå til faglitteraturen.»

Faglitteraturen er fin for å skaffe seg ein viss oversikt over kjeldematerialet, men lev ikkje i villfaringa og tru at eg ikkje har lese faglitteratur om temaet. Eg har truleg lese langt fleire sider ortodoks historieskriving om dette temaet enn revisjonistisk. Tilsynelatande og på overflata ser den ortodokse historia truverdig ut, men ser ein nærare på kjeldene som er nytta er dei ikkje sjeldan basert på etterkrigsvitnemål, eller i verste fall ingen kjelder i det heile, og som deretter vert rekna som «sanning». Så talet på hyllemeter er ikkje noko prov i seg sjølv på at påstandane er rette. Ei bok er ikkje sterkare enn kjeldene den er bygd på, same kor flink ein er til å skrive eller kva tittel

ein har. På same måte som ein ikkje kan lage eit godt måltid av roten mat, kan ein heller ikkje skrive god og påliteleg historie med dårlege kjelder. Gode kjelder ligg nært i tid og stad og toler indre og ytre kjeldekritikk. Kjeldene eg har synt til i denne tråden har jamt over vore samtidige skriftlege kjelder, og dine har i all hovudsak vore andre og tredjerangs ettersom du nesten berre har kvilt på augevitne etter krigen, eller i verste fall «augevitne» som berre attfortel kva dei har «høyrt» frå andre.

«Peter Longerichs fabelaktige The Unwritten Order viser hva "jødespørsmålet" betød i nazistenes planlegging på forskjellige tidspunkt, fra våren 1941 og utover. Han viser dynamikken i utviklingen og hvordan en politikk som i begynnelsen var rettet mot utdrivelse og deportasjon, endte i systematisk massemord på enorm skala.»

Eg trur alle i denne tråden har fått med seg den demente teorien til Peter Longerich om telepatiske evner i det tyske byråkratiet, som forresten heller ikkje fungerte særleg bra ettersom førarviljen var å utsetje jødespørsmålet til etter at krigen var over. Er det forresten fjerde gongen du reklamerer for boka til Longerich no?

For det andre er dette ein debatt, og i ein debatt er det vanleg at ein debatterer og dokumenterer påstandane, og ikkje freistar å debattere via proxy eller framstår som ein seljar frå ein bokklubb. Kva slags nye dokument er det Longerich har funne som gjer det klart at tyskarane dreiv med eit statsstyrt massemord på millionar av menneske? Er svaret noko anna enn null?

«Christopher Brownings bok om utviklingen av "Den endelige løsningen" er likeledes ytterst lesverdig, og svært nøye dokumentert.»

Eg tviler ikkje på at Browning si bok dokumenterer den tyske politikken med antijødisk lovgiving, deportasjon og bruk av jødar som slavearbeidskraft på ein glimrande måte, for dette er godt dokumentert. Likevel er eg rimeleg trygg på at Browning ikkje nemner augevitneskildringar om t.d. elektrisitetsavrettingar i Belzek med eit einaste ord, for å få vitnemåla om gass (med bensin- eller dieselmotorar eller flasker med karbonmonoksid) til å sjå meir konsistente ut enn dei er. Men eg spør som for Longerich: Kva slags nye dokument er det Browning har funne som gjer det klart at tyskarane dreiv med eit statsstyrt massemord på millionar av menneske? Er svaret noko anna enn null?

Kan det ikkje dokumenterast kviler ein berre på sprikande og meir eller (oftast) mindre truverdige augevitneskildringar, som vert rekna som dei minst pålitelege kjeldene i historiefaget og klart underlegne samtidige skriftlege kjelder, som vert rekna som dei sterkaste. Dei samtidige skriftlege kjeldene frå den politiske toppleiinga og det tyske byråkratiet fortel ei heilt anna, meir nøktern og mindre fargerik historie.

«We Wept Without Tears er en ekstremt sterk bok som bringer vitnemål fra en rekke tidligere "Sonderkommando"-medlemmer, altså mennesker som av tyskerne ble satt til å gjøre "grovarbeidet" i gasskamrene i Auschwitz. Flere av dem forteller her om opplevelsene sine for første gang.»

For det første er det litt av eit mirakel at denne gjengen overlevde krigen, for i følgje den ortodokse historia vart medlemmane av Sonderkommandoen drepne for fote av tyskarane med jamne mellomrom for å skjule alle spor etter eit topphemmeleg massemord i ein leir utanforståande stadig kom til, arbeiderar gjekk frå og vart sette fri frå. I tillegg var det ei betydeleg grad av transport av fangar mellom ulike leirar. På slutten av krigen øydela altså tyskarane systematisk alle *dokumentariske* spor, men lot desse *augevitna,* sjølvaste *sonderkommendoane*, spasere rett ut i fridom. Du synest ikkje at dette er litt snodig?

Er vitneutsegnene deira skrivne ned kort tid etter at krigen var slutt, seinast nokre månader etter at leiren vart frigjord, er dei langt meir interessante enn om dei er skrivne ned mange år etter på grunn av risikoen for forureining. Munnlege vitnemål så mange år etter er omtrent verdilause, og særleg dersom den inneheld «vitnemål» frå folk som «sonderkommandoen» i Birkenau, Filip Müller, som stod i samband med Wetzler og Vrba, og fabrikkerte propaganda for å få våpenstøtte. Men boka er sikkert eit fantastisk rørande dokument dersom ein berre er naiv nok.

«Den polske historikeren Franciszek Pipers forskning om hvor mange som døde i Auschwitz er tilgjengelig bl. a. her . Han dokumenterer at av ca 1.3 millioner mennesker transportert til leiren, slapp bare ca 200.000 ut i live.»

Dersom tala var så sikre og det fanst så mykje god dokumentasjon ville neppe tala på offer hjå dei ortodokse variere mellom 3.000.000 hjå David Susskind (1986) og 630.000-710.000 hjå Jean-Claude Pressac (1994). Sanninga er at Auschwitz frå 1942 var eit deportasjonssenter for jødar frå Vest- og Sentraleuropa. Leiren låg ved eit jarnbaneknutepunkt. Nokre fangar vart registrerte i leiren, medan andre fangar vart send vidare til andre leirar. Somme transportar passerte jamvel Birkenau utan å stoppe. I følgje ortodoks historieskriving vart alle som ikkje vart registrert i leiren drepne, medan mi vurdering er at dei som ikkje vart registrert skulle vidare til andre leirar.

«Det finnes selvfølgelig utallige hyllemeter med litteratur om emnet. Jeg har bare nevnt noen få bøker jeg mener kan være nyttige å lese.»

Kvantitet av anekdotiske vitneutsegner, spekulasjonar og snodige teoriar gir ikkje kvalitet. Det gjer ikkje mangelen på handfaste prov eller dokument mindre prekær.

«Om ikke annet kommer man til å forstå at du lyver når du sier at du har "dokumentert" at Holocaust ikke fant sted.»

For det første er det svært ufint å kalle andre løgnerar, og i historikerkrinsar er dette ein uskriven regel som berre vert broten av ein ørliten minoritet, som etter mitt syn heller ikkje har folkeskikk eller skamvit.

For det andre er det ikkje eg som har dokumentasjonsplikta i denne saka. Det er du som har skulda tyskarane for eit av dei mest vanvittige brotsverka i nyare historie, og då skal óg dokumentasjonsplikta di vere tilsvarande streng. Fram til no har du nesten utelukkande kvilt på augevitneskildringar som med tanke på omstenda i leirkomplekset, som eg skildra i sist innlegg, er suspekte. Dokument som støttar tesa di om massemord er heilt fråverande dersom ein vurderer kjeldematerialet under eitt.

«Dersom du hadde tatt deg bryet med å sjekke ville du sett at oversettelsen av «ausrotten» var den samme i 1906»

...og eg ser framleis den opphavlege etymologiske meininga, nemleg å rykkje opp med rot. Som eg har synt tidlegare er det vel ingen tvil om at Hitler ikkje hadde planar om å drepe alle dei tyske intellektuelle. Det er vel heller ingen tvil om at programmet (til NSDAP) Himmler synte til ikkje inneheld eit einaste ord om dreping av jødar. Og det er vel heller ingen tvil om at Emil Hacha ikkje hadde planar om å drepe alle som stod for ein prosovjetisk politikk i protektoratet. Med andre ord er det ingen tvil om at ordet vart nytta i andre og mindre dramatiske samanhengar enn om massemord.

***«*Ditt *premiss* er at det ikke foregikk noen systematisk tilintetgjørelse. Gitt dette premisset, må du nødvendigvis søke andre betydninger av "ausrotten" ("gjøre slutt på som økonomisk**

maktfaktor" el. l.), så enhver demonstrasjon av hva verbet faktisk betyr når brukt om mennesker vil for ham være av liten betydning.»

Sjå svar over. Poenget er at verbet ikkje alltid hadde tydinga mord i bokstaveleg forstand.

Den som har lese tyske tekstar frå den tida vil vite at tekstane ofte inneheld ein heilt anna og tøffare språk enn ein har i dag, gjerne med kjensleladde spissformuleringar. Det tek tid å verte van med ein slik språkbruk, men etter kvart tek ein det for dét det er. Ein langt meir nøktern og mindre oppblåst språkbruk finn ein i det tyske byråkratiet, medan det meste som var meint for eit publikum ofte inneheld spissformuleringane eg skreiv om over. Spissformuleringar med trugsmål mot jødar finn ein langt attende hjå den store tyske konservative høgresida i Keisarriket, med andre ord lenge før Hitler vart antisemitt, så dette var eit gammalt fenomen og slett ingen sikker markør for massemord.

«Dette grunnpremisset er igjen basert på et helt nettverk av u- og halvsannheter, som for eksempel at de tyske gjerningsmenn under rettsprosessene mot bedre vitende ble tvunget/torturert/truet til å si at de utryddet folk i gasskamre.»

Ein har her eit stort avvik mellom dokumentasjon og bevismateriale mot dei anklaga og deira eigne tilståingar. Ein kriminell i ei rettssak vil freiste å unngå straff så godt han kan, han vil minimere si eiga rolle og vil ikkje tilstå meir enn han må ut frå dei tekniske prova mot han. Når vi samstundes veit at det ikkje finst eit einaste tysk dokument i ei eller anna form som nemner noko som helst om gassing av menneske i Auschwitz eller andre stader, er det etter mi meining særs suspekt at dei anklaga ikkje berre tilstod langt meir enn dei måtte ut frå prova mot dei, men at det óg i mange døme kom med overslag på drepne vi i dag veit er altfor høge. Ein hadde etter mi vurdering det same i dei stalinistiske utstillingsrettssakene, utan at eg av den grunn ville ha brukt aktoratet sitt materiale eller tilståingane til å skrive historie, rett og slett fordi begge deler er for upåliteleg.

***«*For å rekapitulere litt ang. Rudolf Höss, Auschwitz-kommandant: han skrev i sine memoarer mens han satt i polsk fangenskap:**

"During previous interrogations I have put the number of Jews, who arrived in Auschwitz for extermination, at two and a half millions.[...]»

Så dette er altså kronvitnet ditt. Ein mann i polsk fangenskap som siterte tredjehands informasjon medan han venta på dødsstraff, tilfeldigvis var særleg lei seg for kva han hadde gjort mot *polakkane,* sjonglerte med millionane mellom faktafeila og kjem her med eit tal på deporterte til leiren som ligg 1,2 millionar *over* talet til Franciszek Piper.

Her er forresten ein fin artikkel om Höss sin famøse tur til Treblinka, der han mellom anna henta inspirasjon til massemord i 1942 *før* han starta massemord i Auschwitz i 1941!

http://www.codoh.com/newrevoices/nrtkhoess.html

«Han gir deretter sin egen kalkulasjon, som ender på 1.1 millioner drepte -- et tall som stemmer overens med det senere forskning har kommet frem til, jf. Franciszek Piper.»

Som eg skreiv varierer tala frå 630.000-710.000 og 3.000.000, og 1,1 millionar var vel berre eitt av tre tal Höss kom med, om eg hugsar rett. Kva kjelder er det forresten Piper har støtta seg til for å kome fram til 1,1 millionar drepne? Har han gjort som Hilberg, som skreiv ned talet utan ei einaste anna kjelde enn Danuta Czech si *Kalandarium*, som berre omhandla transportane til Auschwitz, utan å ta omsyn til alle som vart send vidare til andre leirar?

«Du og andre Holocaustfornektere påstår at det relative fraværet av dokumentarisk

bevismateriale for massemordet i Auschwitz tyder på at massemordet i Auschwitz *ikke skjedde*.»

Det finst faktisk ein god del materiale som er bevart frå Auschwitz, mellom anna delar av dei tyske *Sterbebücher* og heile arkivet til *Zentralbauleitung*. Sistnemnde arkiv fann ein komplett i Russland og syner at ingen bygningar i leirkomplekset vart bygde med føremålet massemord, og at tyskarane brukte store summar på hygienetiltak for å halde leirbefolkninga frisk. Vi har óg bygningane slik dei står i dag, som rett nok er dels rekonstruert, men der ein kan gjere seg opp ei meining om eit massemord i ein slik skala ville vore mogleg, i ein leir som langt frå var så isolert frå omverda at ein kunne rekne med å halde eit massemord hemmeleg. Men i bunn og grunn er det ikkje eg som har byrda med å kome med prov på korkje det eine eller det andre, men eg konstaterer framleis at påstandane dine om massemord i Auschwitz er heilt udokumenterte.

«Det er selvsagt en absurd påstand, spesielt gitt det faktum, som Höss her vitner om i den siste setningen i utdraget gitt over, at slikt bevismateriale systematisk ble ødelagt.»

Dette vitnemålet vert ikkje understøtta av ei einaste kjelde, så Höss står heilt åleine om å hevde at han fekk ei slik ordre frå Reichsführer SS. Naturlegvis er det ingen som har funne eit slikt dokument.

«Revisjonistene er ukvalifiserte.»

Nok ein gong: Du kan ikkje avfeie kjeldematerialet som falskt berre fordi du hevdar at personane som siterer dei ikkje er kvalifiserte. Så lenge det ikkje finst avvik mellom dokumenta slik dei står i arkiva og slik dei vert formidla vidare spelar det ikkje noka rolle i det heile om vedkomande som gjer det har doktorgrad eller ikkje. Det er om lag som å hevde at ein pluss ein ikkje er to dersom personen som hevdar det ikkje er matematikar.

«Deres omgang med det (nøye utvalgte) dokumentariske materialet for å bevise sine hypoteser er helt uredelig.»

Kven siktar du til her konkret, konkret på kva måte har dei vore uredelege, og konkret kva feil har dei gjort? For det andre er det mogleg at du leitar etter dokument for å prove dine eigne teser som sanne, men for meg (og dei andre som kan grunnleggjande metode) er det motsett; eg leitar etter materiale som kan avsanne mine eigne teser, men har fram til nok ikkje funne noko som overtyder meg om at det til dømes vart drepne menneske i gasskammer i Auschwitz. Lat meg vere heilt klar på dette; det finst ingen som har fullstendig oversikt over alt kjeldematerialet på dette området; men dersom du innbiller deg at dokument som ikkje omhandlar massemord utgjer eit ørlite mindretal, og som deretter vert handplukka av historikarar med ein eller anna vond agenda for å skjule eit overveldande stort arkivmateriale som seier det motsette, bør du snarast lese litt meir enn du skriv. Påstanden om handplukking av dokumentmateriale er komisk med tanke på at dei ortodokse såpass tungt kviler seg til materialet som vart handplukka av påtalemakta i Nürnberg for å prove at tyskarane dreiv med eit industrialisert folkemord. For Auschwitz sitt vedkomande har eg enno ikkje sett eit einaste truverdig dokument som talar for at det var eit massemord på gang i leiren. Det finst ein god del bevart materiale, som eg har skrive tidlegare, og det meste handlar om keisame ting konstruksjon, hygienetiltak og andre daglegdagse gjeremål, og ikkje t.d. om langt meir saftige etterkrigshistorier om ville sexorgiar i leiren som ein kan lese om i boka *Legions of Doom* av Rupert Butler.

«Dermed er din gjengivelse av det samme like uredelig.»

Her haltar du på logikk. Det du ser på som uredeleg er eit spørsmål om perspektiv, og ikkje eit

symptom på fordreiing eller løgn; eg legg sterkare vekt på samtidige kjelder enn du gjer, du legg sterkare vekt på munnlege vitnemål etter krigen. På sett og vis har eg ikkje noko problem med at du har tatt eit slik val. Eg meiner at du gjer den same feilen som eg gjorde for mange år sidan, men eg vil ikkje kalle deg uredeleg eller ein løgnar ut frå perspektivet ditt åleine. Ei slik utsegn vil eg berre nytte dersom du kjem med halvsanningar eller medvite formidlar feil. Manglande toleranse for eller evne til innsikt i andre sine perspektiv ser eg på som eit ungdomsfenomen som dei fleste etter kvart veks av seg.

«Her etterplaprer du David Irving som på sedvanlig løgnaktig vis har hevdet at "ingen historikere nevner dette dokumentet" og at memorandumet beviser at massemordet på jødene ikke fant sted, eller at Hitler ikke visste om det.»

Nok ein gong «guilt-by-association» og mor-nille-er-ein-stein-resonnering etter følgjande «logikk»: Eg siterer det same dokumentet som ein annan historiker som i dine auge er ein løgnhals, og dermed er eg óg ein løgnhals. Ser du ikkje det metodisk feilaktige i ein slik argumentasjon? Eg har elles aldri skrive noko om andre historikarar sin bruk av Schlegelbergerdokumentet, og Irving sin påstand får stå for Irving si rekning. Du kan vel neppe halde meg ansvarleg for kva Irving har skrive.

«Richard Evans (http://www.phdn.org/negation/irving/EvansReport.pdf , s. 217-228) ga i den forbindelse en ytterst grundig gjennomgang av dette dokumentet og dets kontekst, og konkluderte med at Irvings fortolkning av det er "absurd".»

Evans kom med ein grundig gjennomgang av dokumentet og konteksten, men etter mitt syn tek han feil og landar ustøtt i bestillingsverket sitt frå Deborah Lipstadt. Schlegelbergerdokumentet lyt ein etter mitt syn sjå i samanheng med Luther sitt memorandum frå 19. august 1942 som Evans av ein eller annan grunn ikkje nemner med eit einaste ord i alle dei sirlege små detaljane. Memorandumet inneheld ei oppsummering av Tyskland sin jødepolitikk, og er heilt i tråd med Schlegelbergerdokumentet i at den endelege løysinga på *jødespørsmålet*, ikkje berre løysinga på *mischlingespørsmålet*, som Evans hevdar, skulle utsetjast til etter at krigen var over. I Luther sitt memorandum kjem det heilt klart fram at tyskarane på dette tidspunktet ikkje drev med dreping av jødar, men med ghettoisering og utnytting av jødisk slavearbeidskraft, før dei overlevande jødane skulle utvisast frå Europa etter at krigen var over:

«On the occasion of a reception by the Reich Foreign Minister on 26 November 1941 the Bulgarian Foreign Minister Popoff touched on the problem of according like treatment to the Jews of European nationalities and pointed out the difficulties that the Bulgarians had in the application of their Jewish laws to Jews of foreign nationality.

The Reich Foreign Minister answered that he thought this question brought by Mr. Popoff not uninteresting. Even now he could say one thing to him, that at the end of the war all Jews would have to leave Europe. This was the unalterable decision of the Fuehrer and also the only way to master this problem, as only a global and comprehensive solution could be applied and individual measures would not help very much."

Med andre ord var Hitler sine ordre som nemnde i Schlegelbergerdokumentet tydelege, dei dreidde seg om situasjonen til jødane på kollektivt grunnlag, og han snakka om ei endeleg løysing på jødespørsmålet i form av tvungen emigrasjon etter at krigen var over; dette er heilt i samsvar med Luther sitt memorandum. Med andre ord var det etter dette ingen planar om å drepe alle jødar på kollektivt grunnlag under krigen.

http://www.trumanlibrary.org/whistlestop/study_collections/nuremberg/documents/index.php?documentdate=1945-00-00&documentid=C193-5-13&studycollectionid=&pagenumber=1

Det finst óg fleire dokument som understøttar dette, mellom anna frå Hitler sjølv den 24. juni 1942,

der han sa at han ville sende jødane ut frå Europa etter at krigen var over. I september 1942 får vi på nytt stadfesta dette gjennom dei såkalla "Richtlinien für die Führung der Wirtschaft in den besetzten Ostgebieten", som seier at løysinga på jødespørsmålet vil skje etter krigen. Og det ei lang rekkje dokument som seier noko om bruk av jødisk slavearbeidskraft i rustningsindustrien, men altså ikkje eit einaste dokument som seier noko om eit tysk industrielt massemord.

***«*Forskningslitteraturen baserer seg på alt tilgjengelig kildemateriale, både samtidige dokumenter, nedtegnelser og øyenvitneskildringer, og ettertidige vitnemål fra ofre såvel som overgripere.»**

No er det som eg har skrive over ingen som har fullstendig oversikt over det samla kjeldematerialet, men etter mi meining er det ein påfallande diskrepans mellom kva kjeldene faktisk seier og kva det ofte vert konkludert med og teke som sanning.

«En betrakting og analyse av det samlede materialet viser tydelig hva som foregikk med nazistene og de europeiske jødene under krigen.»

Kven er det eigentleg som har gjort ei slik analyse av «det samlede materialet»? Den dagen nokon greier det skal eg med glede lese boka.

«Her lyver du igjen. Hvem som mangler "skamvit" her, får bli opp til leserne å vurdere:

Vitnemål fra en SS-mann: Pery Broad, 1945:

[...] At present, after the evacuation of Auschwitz and* the burning of all papers and records*, the fate of millions of people is completely obscure.

Vitnemål fra en Sonderkommando-mann: Henryk Tauber, 1945:

From time to time, the SS would bring* whole truckloads of papers, documents and files that had to be burned *under their control. During the incineration of these papers, I noticed* great stacks of records of dead people and death notices*.»

Eg skal bryte ned dette i to delar, så kanskje du skjønar det:

Punkt ein går på påstanden om at Himmler gav ei ordre om å øydeleggje alle dokument etter kvar «operasjon». Ei slik ordre frå Reichsführer SS har aldri blitt funnen. Vitnemålet til Pery Broad, som både er fullt av feil og som Broad sjølv måtte medgje i Frankfurt var tufta på rykte han hadde høyrt i leiren (Bern Naumann, Auschwitz, Athenaum-Verlag, Frankfurt 1965, s. 200.), ser ut til å snakke om brenning av dokument *etter evakueringa*. Det er ikkje snakk om brenning av dokument medan leiren var aktiv.

Vitnemålet til Hendryk Tauber, som ein annan stad påstod at han sende røyksignal til allierte fly frå krematoriepipene, er heller ikkje prov på at det fanst ei slik ordre frå Himmler. Og samstundes kan eg ikkje dy meg til å sjå på brenning av «lastebillass» med dokument «frå tid til anna» med inkriminerande dokument som ei overdriving. Greitt nok at tyskarane var glade i å produsere dokument, men det får nesten vere grenser.

Punkt to går på påstanden om at *alt* materialet vart øydelagd. Dette er rett og slett feil. Dei tyske Sterbebücher frå Auschwitz finst i russiske arkiv, til og med 1943. Heile 1944 og januar 1945 manglar, men finst kanskje forlagde i russiske arkiv. Dødsbøkene kan med andre ord vere heilt komplette, så eg håper at óg dei resterande bøkene dukkar opp.

For det andre er det slik at brenning av arkivmateriale i seg sjølv ikkje er nokon markør for folkemord. Det er normalt å brenne dokument ein ikkje vil skal falle i hendene på fienden. Tyskarane øydela mykje av arkivmaterialet sitt frå okkupasjonen av Noreg, frå alt frå Gestapo eller

SD til militære flyplassar, men det vil naturlegvis ikkje seie at tyskarane hadde planar om folkemord på nordmenn. Alt vi kan seie er at dokumenta som vart øydelagde sannsynlegvis ville ha vore svært interessante å lese i ettertid, men vi kan ikkje trekkje slutningar ut frå dokument som ikkje finst – det seier seg sjølv.

«Og altså Höss' vitnemål, gjengitt over. I memoarene sine skriver han at han personlig destruerte en masse bevismateriale relatert til massemordet og antall drepte etter hver "Aktion".»

Så vitnemålet til Höss er prov på at vitnemålet til Höss er rett?!?

«At selve ordren om å destruere inkriminerende dokumentasjon ikke har overlevd, er knapt besynderlig.»

Tyskarane byrja ikkje med å brenne dokument for moro skuld i januar 1945, men fordi det var naudsynt. Og noko slikt kom truleg etter ei skriftleg ordre. Det som derimot ikkje er bevart, og som ikkje vert understøtta av ei einaste anna kjelde enn Höss, er samtidig prov på påstanden din om *ei spesiell ordre frå Himmler* om å brenne alt materialet med visse mellomrom i Auschwitz.

http://www.codoh.com/revision.html

http://www.ihr.org/

http://www.air-photo.com/index.php